

Herøy Frivilligsentral, årsmelding 2020

Tenester og oppgaver i avdelinga

Frivilligsentralen skal bidra til å gjere Herøy kommune til ei enno betre kommune å bu i ved å kartlegge, synleggjere og ta i bruk dei frivillige ressursane i kommunen. Frivilligsentralen skal vere eit knutepunkt og bindeledd mellom dei som vil yte ein ubetalt innsats i nærmiljøet/lokalsamfunnet og dei som ynskjer å motta slik innsats. Fs skal fungere som møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar/samanslutningar og det offentlege.

Økonomi.

Overføring frå staten via «Grønt hefte». Det er ikkje lenger krav frå staten om rapportering, vedtekter eller styre for utbetaling av statstøtte.

I tillegg har vi fått tilskot frå Tryg kr. 4 500,- til drift av Natteravnane.

Intern overføring frå helseavdelinga på kr. 65 000,- til dekking av utgifter middagsombringning. Gåve frå Sparebank1, kr 15 000,- til innkjøp av plukkposer. Gåve frå frimurerlosjen på 7000,- til innkjøp av matkasser ifm. jul.

Rekneskapet på Frivilligsentralen, ansvarsnummer 4021, pr. 12.01.21 syner eit overskot på 161 890,- noko som skuldast redusert bemanning grunna sjukmelding.

Den kulturelle spaserstokken, ansvarsnummer 4015, har dette året nytta kr. 39 267,- .

Herøy kommune fekk tildelt kr 87 951,- for bruk i 2020. Resten av midlane er tenkt nytta i 2021, då fylkeskommunen ikkje lyser ut midlar dette året grunna pandemi.

Organisasjon.

Eigar: Herøy kommune, Kulturavdelinga, ved Eileen Gjerde. Styret: Sigurd Nygard - leiar. Karl Anders Brendmo - nestleiar. Solfrid Hageman, Sylvi Lillebø og Magne Nærø - styremedlemmer.

Tilsette:

Dagleg leiar: Britt Paulsen.

Koordinator, vikariat: Monica Torvik Stokset 11.01.21 – 10.07.21

Årsmøte: sak 2018/1681, omorganisering, er under handsaming av kommunestyret.

Møter: Internasjonal julefest 1, Den kulturelle spaserstokken 6, Friskus 1, Nettverksanling 3, Søre Sunnmøre kulturforum webex 5, Leiarmøter kulturavdelinga 3, Verdensdagen for psykisk helse 3, infomøte samfunnsavdelinga 1, Tv-aksjon komitémøte 7, statusmøte 1, Styremøte 2, Personalmøte kulturhuset 1.

Frivillige lag og organisasjonar:

Utlån av lokalet: Fagforbundet 6, Herøy Arbeidarparti 20, Herøy brass 6, Kulturskulen 5, Herøy ungdomsråd 4, Bergsøy skulekorps 1, Revmatikerforeninga 1, Personskadeforbundet 3, Søre Sunnmøre symjeklubb 3, DNT Sunnmøre 1, Senioruniversitetet 3, NFU 1, Utval for helse og omsorg 2, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 7, Fagdag pleie-og omsorgsavelinga 2, Kulturhusstyret 1, MOT 1, leiarmøte kulturavdelinga 1, Kulturavdelinga 1, BIL handball 5, Herøy idrettsråd 1, klageutvalet 1, Sørøyane røde kors 1, Herøy Høgre 9, natteravnane styremøte , Sunnmørsbadet 1, Utval for næring kultur og idrett 3.

Liste over lag og organisasjonar: vert oppdatert fortløpande. Påminning sendast ut nokre gongar pr år. Lista ligg tilgjengeleg på heimesida til kommunen.

Tilskot og prosjektmidlar vert sendt ut tilbod fortløpande.

Frivilligprisen tildelast ein gong pr. år i samarbeid med Møretrygd som støttar dette med ei pengegåve på kr 5 000,-. Juryen består av styret og dagleg leiar. Dei beslutta å gi årets pris til Leif Tjervåg for sitt mangeårige engasjement og frivillige arbeid med velforeninga ved Myrvåg omsorgssenter. Prisen vart delt ut ved Ordføraren og styreleiar, heime i hagen til Leif.

Møteplassar, integreringstiltak, bulyst og førebyggjande folkehelse:

Internasjonal julefest i Herøy kyrkje.

Den tradisjonelle julefesten vart dette året arrangert laurdag 5. januar. Frivilligsentralen bidreg med arbeidskraft og litt økonomisk støtte til innkjøp av mat. Denne festen er eit samarbeid mellom Herøy kyrkje, Herøy frikyrkje, flyktingtenesta og Frivilligsentralen. Det var eit rikt og variert program, og mange besøkande frå Herøy og nabokommunane.

Strikkekafe: Kvar torsdag på dagtid. Vi har hatt svært godt besøk og dette er no ein godt etablert møteplass for folk i alle aldrar. Ved nedstenging grunna pandemi har vi testa ut diverse alternative møtestadar for denne gruppa, messenger har vore prøvd, vi har også hatt utandørs treff når veret var bra.

Eldrebolgen: Grunna pandemien har ein har ikkje hatt høve til å trille tur med bebuarane dette året. Ei gruppe i frå Indre Herøy pensjonistlag har derimot vore på Myrvåg omsorgssenter jamnt og trutt vekentleg, for å lage ei hyggestund for bebuarane med song, musikk og høgtlesing.

Jobbkafe: Det har ikkje vore aktivitet grunna utfordringar med bemanning ved NAV og seinare grunna pandemi.

Mandagstreff: Vart starta opp 3.mars, der ordføraren sto for den offisielle opninga. Dette er ein møteplass initiert av ei gruppe godt vaksne, der formålet er å ha det sosialt og kjekt, med artige historier og vitsar. Dei organiserer sjølve servering og rydding. Dei rakk å ha to treff før alt vart nedstengt grunna pandemi.

Verdensdagen for psykisk helse:

Dagleg leiar er med i arbeidsgruppa for dette årlege tiltaket. Grunna pandemi vart dette fordelt utover på ei heil veke med ulike aktivitetar og tiltak. Frivilligsentralen bidrog til marknadsføring av dei ulike tiltaka, vi hadde også ei markering på strikkekafeen denne veka, frivillige i middagsombringinga delte ut overraskelse-pakkar, laga av lavterskel-aktivitet i psykisk helse og rus. Vi var også med på den felles friluftsturen på Tverrfjellet som vart arrangert denne veka.

Plukkpose: Dette er ein gjenbrukspose som er kjekk å ha med seg på tur. Denne kan ein plukke søppel i og bruke oppatt mange gongar. Vi fekk 15 000,- i gåve frå Sparebank 1 til innkjøp av desse. Nesten alle er utdelt og ein ser at mange nyttar dei på tur.

Handlehjelp: Sørøyane Røde kors initierte eit samarbeid om handlehjelp til folk som treng det i pandemien. Vi formidla til pleie- og omsorgsavdelinga og deira brukarar, men ingen melde behov for bistand i dette tiltaket.

Strøsand til eldre i Herøy.

Det har også dette året vorte delt ut handstrøbokser, kjøpt inn av prosjektmidlar frå Gjensidigestiftelsen som vi fekk i 2017.

Middagsombringning: Vi køyrer ut middag i heile Herøy, i tre ulike ruter pr. dag. Vi har auka opp denne aktiviteten i løpet av året, dei siste månadane har vi køyrt 4 dagar per veke i ytre Herøy og 2 dagar per veke i Indre Herøy. I tett samarbeid med omsorgsavdelinga har vi nytta denne frivillige ressursen der dei meiner at det trengst mest. Tiltak i høve pandemi: frivillige hadde i ei periode ikkje høve til å gå inn i husa ved levering, brukarar som ikkje sjølve greidde å hente inn maten, her leverte heimetenesta. Smittevern har vore godt i vareteke i heile perioden, antibac før og etter kvar levering,

god avstand til brukar, ikkje handhelsing eller langt opphald inne i husa. Vi har også bringa middag i sommarferien dette året for å avhjelpe omsorgsavdelinga mest muleg.

392 turar har vi hatt dette året, fordelt slik:

- Indreruta: 114 (228 frivillige timar)
- Ytreruta: 139 (278 frivillige timar)
- Mellomruta: 139 (278 frivillige timar)

Det har vorte levert ut om lag 5000 middagar, og det frivillige arbeidet utgjer ca 46 % stilling. Dei frivillige nyttar egne bilar og får utbetalt køyregodgjersle etter reiserekningar. Det er ei fast kjerne på 11 personar som køyrer etter oppsett turnus, og byter innbyrdes dersom dei treng det. Brukarar må ha vedtak frå pleie- og omsorgsavdelinga for å få bringa mat heim til seg. Kjøkkenet på Herøy omsorgssenter leverer maten.

Vi har denne hausten, i samarbeid med Herøy folkebibliotek, gjeve tilbod om at brukarar kan låne og levere bøker, via frivillige i middagsombringinga.

Høyrsele-hjelp: Likepersonar frå Høyrseleforbundet kjem to gongar i månaden og gir hjelp og rådgjeving til dei som treng det. Dei rakk å hjelpe om lag 25 personar fordelt på 5 torsdagar før nedstenginga i midten av mars. Dei har ikkje hatt anledning til å sette i gang tiltaket etter dette, grunna restriksjonar frå landsforbundet. Sal av batteri er også ei teneste som Frivilligsentralen yter utanom høyrselehjelpa.

Tv-aksjon: Gjekk i år til WWF. På grunn av pandemi vart årets aksjon digital. Vi er ikkje fornøgde med resultatet i år, vi hadde forventa eit større engasjement rundt saka både frå privatpersonar og næringslivet.

Skulane har gjort ein fantastisk innsats i årets aksjon- fleire skular har arrangert skuleløp og andre aktivitetar og fått inn 111.399,- av totalt 385 954,- for heile kommunen.

Det har vore ein del skepsis i høve WWF sitt arbeid med ulv, kval og vindmøller, noko som vi trur har vore med å prege engasjementet i næringslivet og befolkninga elles. Det har også vore mykje anna som også skjer av innsamlingsaksjonar og aktivitet om hausten, demensaksjon, rosa sløyfe, verdensdagen for psykisk helse, pet-scanner til Ålesund sjukehus.

Det var laber oppslutning om rydding lokalt, container i Myrvåg hadde 40 kg i seg, og ved kulturhuset var det 140 kg. Arrangementet ved Miljøsentret var det også dårlig oppslutning om, det var kun tilreisande som rydda ved Remøybrua, og ca 25 personar var på aktiviteten etter ryddinga.

Natteravnane:

Har eit eige styre på 6 personar, desse byter på å orientere foreldre og andre som skal vere natteravn, fortrinnsvis fredagar, i forbindelse med ungdomsklubbane som har ope då. Dei ragnar også under festivalar, enkelte dagar i russetida, kan også reise ut av kommunen og ravne dersom det er behov for det. Vi har ravna 11 gongar og det har vore til saman 52 personar som har stilt opp og delteke inklusiv styret.

Den kulturelle spaserstokken:

Dagleg leiar i Fs er kontaktperson i kommunen. Arbeidsgruppa består av personell frå avdelingane på omsorgssentra. Etter søknad til Møre og Romsdal fylkeskommune får vi midlar til arrangement for eldre og hjelpetrengande. Vi fekk tildelt 87 951, for bruk i 2020.

Aktivitetar 2020:

Myrvågstoppen: 3.12 Nasko, 18.12 Morten Bollerud.

Raud og Grøn avdeling på HOS: 4.4 T-dans med Trond Ihle –avlyst grunna pandemi. 21.6 hagekonsert med Trond Ihle, 3.12 Morten Bollerud, 12.12 Trond Ihle, 15.12 Nasko.

Eggesbøtun: 10.12 Nasko, 19.12 Morten Bollerud.

Myrvåg sjukeheim: T-dans med Trond Ihle-avlyst grunna pandemi, 20.6 to hagekonsertar med Trond Ihle, 23.6 hagekonsert med Nasko, 10.12 Morten Bollerud, 17.12 Trond Ihle.

Blå avdeling: 8.12 Morten Bollerud, 17.12 Nasko.

Blåtnet: 8.12 Morten Bollerud, 17.12 Nasko.

Elles har det, no i pandemien, vore brukt ein del webbasert underhaldning frå ulike artistar som ein har brukt rundt på avdelingane. Oseana Live har sendt ut tilbod om gratis streaming-konsertar, Arne Mørck har også hatt ein del konsertar via Facebook.

Våre samarbeidspartar:

*Frivillige lag og organisasjonar

*Kulturavdelinga

*Nettverk søre Sunnmøre

*Herøy kyrkje

*Herøy frikyrkje

*Internasjonal skule

*Natteravnane: Ungdomsarbeider, FAU, MOT, Ytre Herøy ungdomskule, Stokksund skule, Møre barne- og ungdomsskule, Politiet, Herøy kyrkje

*Pleie- og omsorgsavdelinga

*Flyktningtenesta

*Eldrerådet

*NAV

*Avdeling for psykisk helse og rus

Stenging/avlysing grunna pandemien:

Kontoret stengt: 12.3-15.6, 9.11-31.12.

Natteravning: 12.3-11-9, 6.11-31.12.

Strikkekafe: 12.3-15.6, 9.11-31.12.

Mandagstreff: 12.3 – 31.12.

Høyrselshjelp: 12.3-31.12.


Eldrebolgen: heile året, utanom ei gruppe på MOS som har fått vore der med aktivitet innandørs.

Marknadsføring: Vestlandsnytt med annonser, artiklar og omtaler. Servicetorget, Facebook, instagram, Snapchat, heimeside, plakatar, oppslag, flyers, e-post, SMS og omtale frå fornøgde brukarar.

Utfordringar/prioriteringar 2021:

Arbeide med å vere dynamiske i høve den pågåande pandemien, som vi må ta omsyn til også dette året. Arbeide vidare med gode samarbeidspartar, marknadsføring, vere opne for nye tiltak og tilskotsordningar. Arbeid med HMS på arbeidsplassen. Det er viktig at det er tilsett koordinator i 50% stilling, dette gjer at vi kan vurdere nye tiltak som BUA og meir uteaktivitet.

Fosnavåg 05.02.2021



-Sigurd Nygard-



-Britt Paulsen-